

Bacheloroppgåve

Dei stille borna

Solveig Marie Ulstein

Barnehagelærerutdanning

2018- 2021



**HØGSKULEN
I VOLDA**

Forord

Å skrive denne oppgåva har vore lærerikt og spennande, men samtidig utfordrande og innimellom slitsamt. Gjennom denne oppgåva ynskja eg større innsikt i korleis barnehagelæraren kan støtte dei stille borna til å bli inkludert i barnegruppa. Grunna Korona restriksjonar måtte eg finne ein trygg måte å få samla inn data på utan å ha fysiske intervju. Heldigvis takka informantane mine ja til å bli intervjuet over videosamtalar. Eg vil takke informantane mine for gode og interessante svar som eg vil ta med meg inni denne oppgåva, og ut i yrkeslivet. Takk til medstudent som deltok i pilotintervjuet. Eg vil også takke rettleiar for gode råd, konstruktive tilbakemeldingar og støtte gjennom denne prosessen.

Innholdsliste

1.0.	Samandrag	s. 4
1.1.	Innleiing	s. 5
1.2.	Tema	s. 5
1.3.	Problemstilling	s. 6
2.0.	Kunnskapsgrunnlag	s. 7
2.1.	Tidlegare forskning	s. 7
2.2.	Stille born	s. 8
2.3.	Sosial kompetanse	s. 10
2.4.	Inkludering	s. 11
3.0.	Metode	s. 13
3.1.	Kvalitativt intervju	s. 13
3.2.	Val av informantar	s. 14
3.3.	Gjennomføring av intervju	s. 15
3.4.	Analyse av data	s. 15
3.5.	Relevans og pålitelegheit	s. 16
3.6.	Forskingsetiske vurderingar	s. 16
4.0.	Presentasjon av funn	s. 18
4.1.	Inkludering	s. 18
4.2.	Vaksne som er tilstade	s. 19
4.3.	Spegling og rollemodell	s. 20
4.4.	Behov for aleinetid	s. 21
4.5.	Stille born	s. 21
4.6.	Foreldresamarbeid	s. 22
5.0.	Drøfting	s. 23
5.1.	Dei stille borna sine ulike behov.....	s. 23
5.1.1.	Føreseieleg kvardag	s. 23
5.1.2.	Behov for aleinetid	s. 24
5.1.3.	Behov for støtte i samhandlinga	s. 24
5.2.	Inkludering	s. 25
5.3.	Relasjonar	s. 26
5.3.1.	Barnegruppa	s. 26
5.3.2.	Vaksne som er tilstade	s. 27
5.3.3.	Rollemodellar	s. 28
5.4.	Konklusjon	s. 29
6.0.	Avrunding	s. 31

7.0.	Referansar	s. 32
8.0.	Vedlegg	s. 34
8.1.	Informasjon og samtykkeskjema	s. 35
8.2.	Intervjuguiden	s. 40

Samandrag

I denne oppgåva er temaet *Dei stille borna*. Formålet er å få større innsikt i korleis ein kan inkludere dei stille borna. Eg har fokusert på personlegdomstrekket å vere stille, og ikkje det som handlar om tausheit grunna språkvanskar. Problemstillinga mi er: *Korleis kan barnehagelæraren støtte dei stille borna til å bli inkludert i barnegruppa?*

Gjennom denne oppgåva utdjuar eg kva eg meina med stille born, inkludering og sosial kompetanse. Når det kjem til dei stille borna, deira sjølvhevding og sosiale ferdigheiter, har dei mykje å seie korleis ein jobbar med barnegruppa i forhold til om dei vert inkludert. Voksen rolla personalet har i denne samanhengen er viktig. Dei er rollemodellar som borna speglar seg i. Eg har og sett på ei forskning frå Canada.

For å få innblikk i kva ein kan gjere praktisk i kvardagen gjennomførte eg fire kvalitative intervju via videosamtale. Dei fire informantane mine var pedagogiske leiarar eller barnehagelærarar frå ulike barnehagar.

I denne studien drøftast det element som kan bidra til at dei stille borna blir inkludert i barnegruppa. Det som kjem tydelegast fram frå informantane er at dei er opptekne av vaksne som er tilstade og deira verdsetting av inndeling i små grupper.

1.1. Innleiing

I denne oppgåva vil eg først presentere temaet og problemstillinga. Deretter kjem ei teoretisk utdjuping om temaet stille born, sosial kompetanse og inkludering. Eg ser også til Coplan, Ooi, Xiao og Rose-Krasnor si forskning om innagerande born, i kunnskapsgrunnlaget. Vidare kjem eit metodekapittel der eg tek føre meg val av metode og informantar, analyse prosessen, relevans og pålitelegheit, og forskaretiske vurderingar. Deretter eit utval av svara frå informantane som eg har delt inn i seks tema; inkludering, vaksne som er til stades, spegling og rollemodell, behov for aleinetid, stille born, og foreldresamarbeid. Vidare drøfter eg datamaterialet frå analysen opp mot fagstoffet og tidlegare forskning. I drøftinga tek eg for meg fire hovud punkt der to av dei har fleire underpunkt. Eg har delt drøftinga inn i; dei stille borna sine ulike behov, inkludering, relasjonar og ein konklusjon der eg knyt det saman opp mot problemstillinga. Til sist kjem ei avslutning.

1.2. Tema

Eg har valt å gjere denne undersøkinga om *Dei stille borna*. Dette er fordi eg sjølv har vore eit av desse forsiktige borna. Difor brenn eg for at desse borna skal få den støtta dei treng til å hevde seg sjølve og bli inkluderte i gruppa. Gjennom praksisperiodane såg eg at dei forsiktige borna trekk seg meir tilbake og ser på leiken. Dei meir utåt vende borna tek mykje av tida, og dei søker merksemd. Eg har ofte kjent på at eg skulle prøvd å få med dei stille borna. Dette temaet er relevant i dagens samfunn, med auka mengd av psykiske vanskar hos born og unge. Manglande mestringsopplevingar kan føre til dårlegare sjølvtilitt og sjølvbilete og kan gi utfordringar seinare i livet. Melvold viser til WHO til definisjon på psykisk helse. Melvold skriv «psykisk helse en tilstand av trivsel og velvære der hvert enkelt individ kan virkeliggjøre sitt eget potensial, mestre normale utfordringer i livet, arbeide produktivt og fruktbart og være i stand til å bidra til samfunnet rundt seg» (Melvold, 2018, s.22-23).

Vi som arbeidar i barnehagen må reflektere over egne handlingar. Dersom vi ikkje har eit prosessfokus, og berre fokusera på prestasjonar vil dette få negative

konsekvensar for borna. Stadig fleire born slit med psykisk uhelse. Berget skriv at i barnehagen skal borna få lov til å vere born, det er her born kan utviklast til lykkelege samfunnsborgarar som meistrar livet (2018, s. 121-122).

1.3. Problemstilling

Problemstillinga mi er «*Korleis kan barnehagelæraren støtte dei stille borna til å bli inkludert i barnegruppa?*». I denne problemstillinga vil eg legge vekt på korleis barnehagelæraren kan støtte dei stille borna si sjølvhevding og sosiale ferdigheiter, og korleis barnehagelæraren arbeider med barnegruppa for å inkludere alle borna. Med uttrykket stille born meina eg born som er innadvendte og sjenerte. Lund skriv at born kan bli heilt stille når den møter motstand og lett gi opp, fordi han eller ho er meir forsiktige enn dei borna som skrik høgast (Lund, 2015, s.8). Eg vel å ikkje gå inn på born som er stille grunna språkutvikling og tause periodar i språkinnlæringa, sidan dette er vide tema som eg vel vekk grunna oppgåvas omfang. Det eg meina med at barnehagelæraren skal støtte dei stille borna, er å gi dei verktøy for å komme inn i barnegruppa, og ikkje gjer all jobben for dei. Eg har brukt yrkestittelen barnehagelærer fordi det er utdanninga ein har enten om ein er pedagogisk leiar eller pedagog 2. I rammeplanen står det at barnehagelærarar vert utdanna for å utføre oppgåvene i barnehagen, vidare brukar rammeplanen pedagogisk leiar som omgrep (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.15-16). Eg vil truleg veksle om å bruke desse omgrepa, men i forhold til informantar vil barnehagelærer vere dekkande uansett stilling til den enkelte informant. Pedersen (2015, s.23) referera til Arnesen, Befring og Morken som forklara inkludering som å regne med. Inkludering kan brukast i staden for delaktigheit og fellesskap (Pedersen, 2015, s.23).

2.0. Kunnskapsgrunnlag:

I dette kapitlet vil eg utdjupe omgrepa stille born, sosial kompetanse og inkludering gjennom å vise til forskning og faglitteratur.

2.1. Tidlegare forskning

Assessment and implications of social withdrawal in early childhood: A first look at social avoidance er ei forskning frå Canada som omhandlar sjenanse, born med manglande interesse for å vere ilag med jamaldringar og som aktivt unngår sosial interaksjon, born som føretrekk einsame aktivitetar, jamaldrings problem, og internaliserings problem. Coplan, Ooi, Xiao og Rose-Krasnor skriv at i tidleg barndom har jamaldrings gruppa ein unik plass i borna si sosiale og emosjonelle utvikling. Det er medan borna er små dei tileignar seg ferdigheiter som bidreg til deira psykiske helse. Vidare nemner dei at det kan vere grunn til å vere bekymra dersom born er sosialt tilbaketrekte. Dei legg fram at sosial tilbaketrekning er samansett av fleire motivasjons og kjenslemessige faktorar. Dei viser til forskning av temperament og sjenanse prega av frykt som kan føre til sosial tilbaketrekning. Gjennom forskinga deira har dei mellom anna sett på indirekte og direkte samanhengar mellom små borns jernaldrane utfordringar, sosial tilbaketrekning, sosial angst og depresjon (Coplan, Ooi, Xiao, & Rose-Krasnor, 2017, s.125-126). Deltakerane i deira forskning var 272 gutar og 292 jenter. Borna var i alderen 4-5, 5-6, og 6-7år og gjekk i barnehage eller fyrste klasse i søraust Ontario i Canada (Coplan, Ooi, Xiao, & Rose-Krasnor, 2017, s.128). Gjennom denne forskinga fant dei samheng mellom jamaldringsproblem, sosial tilbaketrekning og teikn på depresjon.

“social avoidance was directly associated with peer problems and, after further controlling for this association, maintained a direct association with depressive symptoms. Thus, although both social avoidance and shyness were (uniquely) associated with peer problems, differential pathways to different types of internalizing problems (i.e., symptoms of social anxiety vs. depression) were also observed. Taken together, these results provide the

first evidence to suggest that social avoidance may also carry unique risks for socioemotional functioning in early childhood. In particular, our findings support the speculation that among forms of social withdrawal, social avoidance may be most strongly linked with the early development of depression” (Coplan et al., 2015, referert i Coplan, Ooi, Xiao, & Rose-Krasnor, 2017, s.135).

2.2. Stille born

I følge Lund er det positivt at born trivast i eige selskap og kan leike sjølve. Dersom dette gjentek seg over tid, vil det vere behov at barnet får hjelp til å komme inn i leik saman med andre born. Vidare seier Lund at tilbaketrekte barn har like store sosiale behov som dei borna som spring rett inni leik. For eit forsiktig born kan det kjennast tryggare å vere «usynleg» og vere aleine enn å prøve å komme i samspel med andre born der ein kan risikere å bli gjort til latter eller bli avvist og ekskludert (2015, s.8-9). Den vaksne bør støtte barnet og gi dei verktøya dei treng for å få erfare at dei andre vil leike med seg. Pettersen skriv at moglegheita for ei positiv utvikling aukar dersom borna går frå å vere passive til å verte aktive i samhandlinga. Born som trekk seg vekk frå fellesskapet er avhengig av vaksne som ser dei og handlar. Born må likevel oppmuntrast til å ta styringa i eige liv og i møte med livets utfordringar. I barnehagen skal desse borna få øve seg på å tore meir og meir utan å måtte risikere avvising og å bli latterleggjort (Pettersen, 2015, s.10).

Det kan vere både behageleg og utfordrande med stille born, dei gjer ikkje so mykje ut av seg dermed kan det vere vanskeleg å gi dei merksemd i den hektiske kvardagen (Lund, 2012, s.22). Vidare nemner Lund at det kan vere lett å oversjå born med innagerande åtferd. Det kan vere at enkelte born berre er sjenerte og stille utan at dette er eit problem. På den andre sida kan born ha ein innagerande åtferd som uttrykk for at dei ikkje har det bra av ulike grunnar. Nokre born med denne innagerande åtferd kan ha negative indre samtalar og negative forventningar til seg sjølve. Dårlege erfaringar kan føre til at dei trur det dei tenkjer om seg sjølve, er slik heile verda tenkjer om dei. Dei kan til dømes tru at dei andre ikkje vil vere saman

med dei, og difor kan desse borna ta lite kontakt med andre i frykt om å bli avvist (Lund, 2012, s.26-27).

I følge Barsøe må ein vurdere når bornas åtferd hindrar utviklinga deira. Sjølv om stille born kan verke avvisande og ikkje gir noko tilbake, må ein ikkje slutte å prøve å få kontakt med dei. Dei stille borna er ulike individ med ulike kjensler og behov (Barsøe, 2017, s.27-28). Det er ikkje nødvendigvis alle stille born som har utfordringar knytt til at dei er meir sjenerte eller innagerande enn andre, ein må sjå det ut frå kvart born sin ståstad.

Flaten (2018, s.62) referera til Olafsen og skriv om barn ned ein medfødt tilbakehalden-heit ovanfor menneske og omgivningar, som vert kalla BIS. BIS står for «behavioral inhibition system». Flaten trekk fram at desse borna trivast best med rutinar og førebuingar på nye hendingar som til dømes overgang frå leikeaktivitet til måltid. Barn med BIS føretrekk rolege omgivningar der det ikkje skjer for mykje og der dei får tid til å tenke. Dersom desse borna opplever store endringar, som til dømes det å få inn vikar kan medføre at dei stille borna vegrar seg. Desse borna kan reagere med sinne eller tilbaketrekking dersom dei opplever for hyppige og mykje stimuli (Flaten, 2018, s.62-63). I følge Barsøe har dei stille borna det best når dagane er føreseielege, medan meir robuste born set pris på spenning og overraskingar. Stille born må bli utfordra på dette i sitt eige tempo, slik dei slepp dårlege erfaringar som kan gjere dei engstelege (Barsøe, 2017, s.34-35).

I følge Flaten likar mange born å leike aleine innimellom og handsame kjensler, erfaringar og tankar gjennom leikeobjekt som for eksempel ei dukke, bamse eller ein bil. Flaten (2018, s.97) viser til Befring og skriv at ei gruppe born er tankefulle og har ein stille personlegdom. Slike born likar ofte detaljfokusert aktivitet som pærling og teikning, eller leiker med musikk og lyd. Felleleik kan opplevast som slitsamt for desse borna, og dei vil trenge rolege omgivningar der dei får vere aleine. Flaten (2018, s.97) referera og til August og August og skriv vidare at både ekstra sensitive born og born med BIS-temperament har behov for å få ha aleinetid der dei kan sortere tankar og kjensler, før dei igjen kjem inn i leiken etter ei stund. Desse borna vil trenge tid og rom for å få aleinetid utan vaksne og andre born der dei kan fordøye stimuli, men dei treng og vaksne som gir dei merksemd og er interesserte i det dei held på med. Stille barn kan og vere deltakande i herjeleik ute og inne, og likar å

være i leik saman med andre born. Innimellom treng dei stille borna pausar og aleinetid før dei igjen er klar for nye leikerunde (Flatén, 2018, s.97-98). Det er for dei fleste stille barn nødvendig med både aleineleik men og å få vere i leik med andre barn.

2.3. Sosial kompetanse

Sjølvhending er i følge Størksen ein viktig komponent i den sosiale kompetansen. Å hevde seg sjølve går ut på å fremje egne interesser og ikkje berre ta omsyn til dei andre sine behov og interesser. Gruppa vil ikkje kunne ivareta det stille barnet dersom dette barnet ikkje tør å løfte fram sine interesser. For at ei barnegruppe skal kunne ha et balansert samhald krev det at kvart enkelt born hevdar seg sjølve (Størksen, 2018, s.92). I følge Barsøe er sjølvhending ein viktig grunnstein for å vere ein god leikekamerat. Det vil ikkje vere kjekt dersom den andre aldri kjem med innspel for å utvikle leiken og som alltid føyer seg (Barsøe, 2017, s.45). Flatén forklarar sjølvhending som å stoppe noko som er ubehageleg, sei ifrå kva man ynskjer og ikkje vil. Flatén (2018, s.82) referera til Drugli som hevdar at born som sjeldan hevdar seg sjølv, kan bli sett på av andre born som enkle og leike med og snille, medan dei sjølve ofte treng tid for å tilpasse seg og sleppe seg laus i leiken. Sosiale ferdigheiter er viktig for det sosiale samspelet. Dei fleste barn går igjennom ulike fasar der dei prøvar ut dei ulike sosiale ferdigheitene, hos nokre born kan det verke som det kjem av seg sjølv (Flatén, 2018, s.81-82).

I følge Flatén vil menneske ein har ein god emosjonell link og relasjon til påverke meir enn dei ein ikkje har like god relasjon til. Gjennom sosiale settingar og relasjonar skjer ei overføring av haldningar og kunnskap. Vaksne vil vere rollemodellar heile tida, også når vi ikkje er i direkte kommunikasjon. Flatén (2018, s.84) referera til Ogden som skriv at borna utviklar den sosiale kompetansen gjennom å vere saman med andre, dei treng å vere saman med andre barn. Vennskap er prega av gjensidigheit og glede, og er ein viktig del av å utvikle sosial kompetanse (Flatén, 2018, s.83-84). Som barnehagelærer er ein rollemodell for borna, borna tileignar seg haldningar og kunnskap som vi utøver og snakkar om. Sosiale ferdigheiter vil truleg og bli påverka av både vaksne og barn. Som barnehagelærer synest eg at det er viktig å ha dette i bakhovudet for å kunne stimulere borna sine sosiale ferdigheiter på ein god måte og legge til rette for vennskap. Lund hevdar at born ikkje nødvendigvis

blir venar av at vaksne bestemmer kven som skal vere saman i til dømes leikegrupper. Samtidig kan born som strevar med å meistre det sosiale samspelet kunne trenge hjelp frå vaksne til å kome inn i leiken (Lund, 2012, s.71).

Drugli og Lekhal nemner at små barn lev i ein relasjonsbasert verden. For små born vil desse relasjonane påverke den psykiske helsa deira. Det er gjennom samspel med andre born og vaksne dei utviklar den psykiske helsa (National Scientific Council on the Developing Child, referert i Drugli & Lekhal, 2018, s.36). Glaser skriv at heimen og barnehagen utgjer heilheita i liva deira. Det er difor viktig med eit tett foreldresamarbeid slik ein kan fremme trivselen til borna. Utviklinga til borna heng saman med foreldras tillit til barnehagen (Drugli & Onsøien, referert i Glaser, 2019, s.19). I følge Barsøe er det viktig å ikkje hjelpe borna for mykje, ein må gi dei problemløysingsstrategiar slik dei kan få ei god utvikling av sjølvbilete, ved at dei meistrar utfordringar sjølv (Barsøe, 2017, s.107). Dei stille borna kan bli modigare og tryggare i møte med mildt press dersom dei får god støtte av ein trygg vaksen. Dersom desse borna vert møtt av lite sensitive og uforutsigbare vaksne, kan det engstelege personlegdomstrekket forsterkast (Pettersen, 2015, s.6).

Drugli og Lekhal skriv og at det er dei vaksne som må tilpasse sin måte å vere på, etter borna sine behov. For at borna skal få mestringskompetanse i møte med vanskar som oppstår skriv Drugli og Lekhal at vi vaksne må støtte borna gjennom utfordringane som oppstår og ikkje skjerme dei frå alle utfordringar og motgang. Gjennom at borna får den støtta dei treng og kjenner at dei ikkje er aleine i dei vanskelege situasjonane fordi dei har vøre vaksne tilstade, vert borna betre førebudd til å møte utfordringar seinare i livet. Gode relasjonar mellom borna og dei vaksne i barnehagen vert påverka av forholda i heimen, for eksempel foreldra sine parforhold og den økonomiske situasjonen. Også forhold i barnehagen som arbeidsmiljø, sjukfråvær med meir, vil kunne påverke borna sine relasjonar med omsorgspersonane som får direkte eller indirekte betyding for borna si psykiske helse (Drugli & Lekhal, 2018, s.37).

2.4. Inkludering

Korsvold skriv at inkludering er eit vidt omgrep som vert brukt på ulike måtar. Fokuset i inkluderingsprosessen går ut frå konteksten og omhandlar relasjonar og

prosesser (Korsvold, 2011, s.10). Korleis vaksne og born sitt fellesskap i barnehagen og miljøet er, pregar korleis ekskludering og inkludering i gruppa fungerer (Ytterhus, referert i Korsvold, 2011, s.13). Barnesyn har og påverknad for kor stor plass inkludering får. Dermed vil inkludering omfatte prosessar, relasjonar og barna sin posisjon (Korsvold, 2011, s.23). Bae meina at vi vaksne utviklar oss som profesjonsutøvarar og får innblikk i korleis borna opplev verda, dersom vi møte born som medmenneske, er anerkjennande og skapar gjensidige inkluderingsprosessar i barnegruppa (Bae, 2011, s.128). Barsøe skriv at dei yngste borna har behov for vaksne som er heilt tilstade i samhandlinga, der den vaksne nyttar seg av kunnskap, erfaringar og intuisjon for å forstå kva borna treng (Barsøe, 2017, s.60). Pedersen skriv at inkluderande pedagogikk set fokuset på korleis ein skapar inkluderande og støttande læringsmiljø som imøtekjem alle sine behov. I følge Pedersen bør ein gjere læringsmiljø romsleg og fleksibelt for å kunne inkludere. Det er barnehagelæraren si oppgåve å tilpasse for kvart barn og gi inkluderande opplæring. Inkludering skal sikre borna sine behov for sosial og kulturell tilhøyrslø. Pedersen (2015, s.22) referera til Arnesen som skriv at det er fire dimensjonar ved inkludering som heng saman. Pedersen (2015, s.23) viser og til Kristoffersen og Simonsen og skriv at ein av desse dimensjonane er den relasjonelle som går ut på borna sine moglegheiter for samhandling og deltaking i fellesskapet. Ein annan dimensjon er den etiske som tek føre seg barnet som aktør med moglegheiter til å oppleve tilhøyrslø, gjere egne val, oppleve mestring og å ha reelle påverknadsmoglegheiter. Pedersen trekk fram at born har ulike behov frå dei er fødde, ein del av inkludering vil og innebere differensiering (Pedersen, 2015, s.22-23). Som barnehagelærar skal ein leggje til rette for alle borna og leggje til rette for eit inkluderande fellesskap.

3.0. Metode

I dette kapittelet vil eg forklare, grunngi og vurdere vala eg har gjort når det kjem til metode. Eg vil og fortelje om prosessen før, under og etter intervjua.

3.1. Kvalitativt intervju

Metoden eg valde å bruke var kvalitativt intervju. I følge Dalland tek kvalitativ metode føre seg opplevingar og meiningar som ein ikkje kan måle eller sette siffer ved (Dalland, 2020, s.54). I forhold til problemstillinga mi som undersøker korleis barnehagelæraren kan støtte dei stille borna til å bli inkludert i barnegruppa, ville denne metoden vere mest nyttig. Eg var på jakt etter erfaringar barnehagelærarar har, og kva dei gjer i praksis, noko som vil vere individuelt frå barnehagelærar til barnehagelærar og dermed ikkje kan målast.

Eg nytta meg av intervju som metode. Eg laga ein intervjuguide i førekant. Eg ville bruke intervjuguiden for å lede meg gjennom intervjuet, men ikkje vere fastlåst til den. Som Dalland skriv vil spørsmåla bli omforma og utvikla ut frå svara frå informanten. Sjansen for å få meir spontane og uventa svar er høgare dersom intervjusituasjonen er open. Dersom ein stiller ei rekke konkrete spørsmål får ein kanskje korte svar, medan om ein stiller opne spørsmål får ein vite meir (Dalland, 2020, s.83). Løkken og Søbstad beskriv strukturert og ustrukturert intervjuform som to motsetningar på ein skala. Løkken og Søbstad (2017, s.106) referera til Borg og Gall, som skil mellom ustrukturert, semistrukturert og strukturert form. Løkken og Søbstad hevdar at nivået av struktur kan variere kontinuerlig gjennom eit intervju. I intervjuguiden har ein førehandsbestemte spørsmål eller tema ein ynskjer å komme innom gjennom intervjuet. Som intervjuar står ein fritt til å endre på rekkefølja, stille oppfølgingsspørsmål og sikre seg at ein forstår informanten sine svar (Løkken & Søbstad, 2017, s.106, s.108). Ut i frå min forståing av semistrukturert intervju, er dette den typen intervju eg nytta meg av, men som Løkken og Søbstad nemner bevege eg meg truleg i strukturskalaen undervegs i intervjua.

I forkant av intervjua hadde eg eit pilotintervju med ein medstudent. Vi testa då ut om intervjuguiden fungerte godt. To av spørsmåla var litt like og gav liknande svar, men eg kom fram til at dei kan svarast på veldig ulikt. Eg valde dermed å la intervjuguiden

bli som den var og heller justere på oppfølgingsspørsmåla ut frå informanten sine svar, sidan eg har valt å ha semistrukturert intervju går det bra.

3.2. Val av informantar

I val av informantar valde eg tilfeldig kva barnehagar eg tok kontakt med. Eg sende e-post til ulike styrarar i barnehagar rundt om i fylket, presenterte meg sjølv og temaet mitt og spurde om dei hadde pedagogiske leiarar eller barnehagelærarar som kunne tenke seg å vere informantar. Eg valde å ikkje henge meg oppi kva alder dei jobbar med sidan stille born finnast i ulike aldrar, i tillegg er det ofte slik at ein innimellom byttar på kva alder ein arbeidar med. Eg valde derimot å ha fokus på at informantane hadde barnehagelærar utdanning.

Dalland skriv at ein ikkje bør ha for mange informantar, men samtidig vil det vere betre å ha meir datamaterial enn for lite (Dalland, 2020, s.81). Målet mitt vart dermed å få tak i 4 barnehagelærarar/pedagogiske leiarar frå 4 ulike barnehagar. Med fire informantar vil eg truleg nok material dersom nokon skulle trekke seg. Eg fekk tak i 4 informantar og ingen har trekt seg. Eg brukar omgrepet «informant» for å halde på anonymiteten deira og skil dei som informant 1, 2, 3 og 4.

Informant 1 har jobba som pedagogisk leiar/barnehagelærar sidan 2016.

Informanten har for det meste jobba på småbarnsavdeling med alderen 1-3 år og jobbar i år med 2 åringane som blir 3 år i år. Informant 2 var nyutdanna i 2005 og har jobba som pedagogisk leiar sidan då. Informanten har vore i same barnehage heile tida. Informanten har vore litt styrar også innimellom, når ho som er styrar har vore i mammapermisjon. Delar av stillinga til informanten har vore styrar og delar har vore pedagogisk leiar på avdeling. Informanten har jobba med alle aldrar i barnehagen. Når ho starta var barnehagen mindre og alle frå 1-6 år var på same avdelinga, etterkvart som dei blei fleire delte dei barnehagen inn i to avdelingar. Informanten har jobba både på småbarns og storbarnsavdeling. No jobbar ho på småbarnsavdeling. Informant 3 har jobba som barnehagelærar/pedagogisk leiar sidan 2015, altso 6 år til hausten. Informanten jobba dei fem fyrste åra på småbarnsavdeling. No i haust bytta informanten til å vere på storbarnsavdeling med tre 2 åringar og sju 3 åringar. Informant 4 har jobba som pedagogisk leiar/barnehagelærar i 8 år. Oppigjennom har ho jobba på 0-6 år. Informanten har og

jobba som støttepedagog til individ til born på 3, 4 og 5 år. Informanten har og jobba på 3-4 år, no jobbar informanten på 0-3 år.

3.3. Gjennomføring av intervju

For å gjennomføre intervju på ein covid-19 vennleg måte, nytta eg meg av Zoom/FaceTime. Gjennom å ha videosamtale får informanten sjå kven som skal ha svara, eg får og sjå kroppsspråket til informanten og høyre tonen i stemma deira. Eg opplevde å kunne stille oppfølgingsspørsmål og slik kunne sikre at både eg og informanten forstår kvarandre. Eg hadde og pilotintervjuet via Zoom for å teste ut korleis det ville bli i forhold til lyd opptak.

Fyrst sende eg ut informasjons og samtykkeskjema til informantane. Vidare la eg til rette for at informantane kunne få tilsendt intervjuguiden i forkant dersom dei ynskja det, men ingen av informantane etterspurde dette. Fordelen her er at svara blir meir spontane og kjem frå informantane og ikkje frå fagbøker som kanskje hadde skjedd dersom dei las intervju guiden på førehand og leita seg fram til «rett» svar. Deira erfaringar og kunnskap kom fram gjennom at dei måtte tenkje og svare der og då. Dersom dei hadde lest intervjuguiden i forkant kunne dei derimot hatt betre tid til å tenkje over kva dei gjer og har gjort oppigjennom og kanskje kome fram til kva som var viktigast for dei å fortelje.

Då dei hadde fått lest igjennom og skrive under samtykkeskjemaet, tok eg kontakt og avtalte tidspunkt for intervju. Eg og informant 1 fekk litt tekniske problem med Zoom so vi ende opp med å ta det via FaceTime. Zoom fungerte fint med dei andre informantane. I etterkant av intervju hørde eg på opptaka medan eg transkriberte eit og eit. I etterkant kopierte eg svara i eit nytt dokument der eg skreiv om frå dialekt til nynorsk for å halde på anonymitet. Eg tok og vekk unødvendige tenke ord.

3.4. Analyse av data

Postholm og Jacobsen (2011, s.102) viser til Gibbs og Stake som hevdar at analysen si hovud formål er å skape meaning, system og mønster i datamaterialet (Postholm & Jacobsen, 2011, s.102). Dalland skriv at ei god analyse vekslar mellom tolking og analyse, og opne for ulike tolkingar. Å sjå eiga tolking opp mot annan forskning kan svekke eller styrke denne. For å lage system og oversikt transkriberte

eg intervjuar ord for ord, her fell noko vekk i overgangen frå munnleg til skriftleg. Vidare omarbeida eg teksten. Deretter delte eg svara inn i tematiske kategoriar og såg på kva som er likt og ulikt (Dalland, 2020, s.94-99). Eg lagde meg eigne dokument med skjema der eg tok for meg tema for tema og såg på kva som var likt i svara frå informantane. Deretter tok eg vekk det som ikkje direkte kunne svare på problemstillinga. Denne utveljinga av kva eg tok med og ikkje var veldig utfordrande då eg synest alle informantane hadde gode poeng. Eg har likevel måtte ta vekk ein god del av svara for å best mogeleg kunne drøfte problemstillinga.

3.5. Relevans og pålitelegheit

I følge Dalland må data vere relevant for problemstillinga, både litteratur og svar frå informantane (Dalland, 2020, s.63). For å sikre at eg får relevante svar prøvde eg å utvikle intervjuguiden på ein slik måte at eg kunne få svar på problemstillinga samtidig som det var opne spørsmål. Eg følte at det aller meste av datamaterialet var relevant for problemstillinga enten direkte eller indirekte. Eg har likevel forsøkt å velje ut det som er mest relevant.

Pålitelegheit går ut på å samle inn data på ein relevant måte. Ved eit intervju kan ein misforstå spørsmål og feiltolke svar, lyd opptak kan ha dårleg kvalitet, bli forstyrra, ein kan skrive feil i transkriberinga. Forhistoria og forkunnskap vil prege korleis omarbeidinga av data blir (Dalland, 2020, s.63-64). For å vere påliteleg vil det å sikre seg at informanten har forstått spørsmålet, og stille spørsmål for å sikre at ein forstår svara til informanten, vere nyttig. Dette gjor eg der eg var litt usikker på kva informanten eigentleg meinte. Elles har eg prøvd å tolke minst mogeleg og tatt alt bokstavleg ord for ord. Eg hørde på opptaka fleire gongar medan eg transkriberte. Det var nokre stadar det var nesten umogeleg å høyre enkelte av orda på grunn av dårleg nettforbinding frå informanten si side. Dette var derimot ein veldig liten del og vil ikkje påverke heilskapen av datamaterialet.

3.6. Forskingsetiske vurderingar

I følge Dalland er det ein føresetnad for eit godt samarbeid med informantane som bidreg med sine erfaringar og kunnskap, at eg har ein ryddig bruk av personopplysingar (Dalland, 2020, s.169). Etske utfordringar ved denne oppgåva vil først og fremst vere dersom anonymiseringa ikkje vert god nok. Namn, nummer og

e-postadresse vil det vere utfordringar med dersom det ikkje vil verte godt nok skjulte. Stad og stilling kan vere avslørande dersom ein nemner dette, difor vil eg ikkje skrive stad og kommune i oppgåva. Stilling er derimot ein viktig del av denne oppgåva, men når alt anna er anonymisert og eg har fire informantar vil ein ikkje finne fram til kven som har svara kva. Det vil vere viktig å anonymisere og lagre datamateriell på ein trygg måte der ingen andre får tilgang, dette er grunna teieplikta og at informantane skal vere anonyme. Dalland skriv at når noko er anonymt vil det vere umogeleg å knytte opplysingar til enkeltindivid. Lyd-opptak må og slettast når prosjektet avsluttast (Dalland, 2020, s.172). Eg kjem til å slette lyd-opptaka når prosjektet er ferdigstilt, og dersom ein informant hadde trekt seg, ville eg sletta datamaterialet med ein gong. Dalland skriv at ein må melde til NSD dersom behandling av personopplysingar skjer gjennom lyd/tekst på smart telefon eller datamaskin (Dalland, 2020, s.169). Skulen har allereie meldt til NSD, så dette er i orden. I personopplysingslova §8 står det at personopplysingar kan behandlast dersom dei er nødvendige for vitenskapleg forskning (Personvernloven, 2018, §8). Det er frivillig å vere informant, og dei kan trekke seg inntil oppgåva blir ferdigstilt. I følge Dalland vil eit frivillig samtykke innebære at informanten har oppfatta informasjonen og forstår tydinga av frivilligheit (Dalland, 2020, s.173). Alle informantane har skrive under på informasjon- og samtykkeskjemaet, og i starten av kvart intervju minna eg dei på at eg tok lyd opptak for å kunne transkribere i etterkant noko som dei synest var i orden so lenge eg sletta det i etterkant, noko som eg har gjort.

4.0. Presentasjon av funn

I dette kapittelet vil eg ta føre meg dei mest sentrale delane av funna mine frå analyseprosessen, som kan bidra til å svare på problemstillinga. Eg har kategorisert utifrå spørsmål og tema frå intervjuet, og arbeidd fram seks kategoriar. Kategoriane har eg kalla for; inkludering, vaksne som er tilstade, spegling og rollemodell, behov for aleinetid, stille born, og foreldresamarbeid.

4.1. Inkludering

Inkludering er eit vidt omgrep som kan forståast og forklarast på mange ulike måtar. Eg ynska difor å forstå kva informantane legg i omgrepet. Her i tabell 1 kjem det fram kva informantane legg i omgrepet inkludering.

Tabell 1. Informantane sitt syn på inkludering

Omgrepet inkludering	
Informant 1	«at alle føler at dei er med i gjengen eller gruppa, og at dei har noko dei skulle sagt».
Informant 2	«Alle skal føle at dei blir sett og hørt, og dei får ta del i eit fellesskap».
Informant 3	«At alle borna føle seg sett, elska, og verdifulle i løpet av en barnehagekvardag. At dei føle dei har noko å sei og at dei føle seg tatt på alvor».
Informant 4	«Samhald, annerkjenning, vennskap, tryggleik, respekt».

Som ein ser i tabell 1 har ikkje informantane motstridande syn på kva inkludering er, men enkelte trakk fram fleire aspekt enn andre.

Når det kjem til kva dei gjer dersom born er mykje aleine trakk informant 2 og 4 fram at ein må observere barnet og finne årsaka til at dei er aleine. Informant 2 «Kva er grunnen for at den ungen sitte aleine, er det fordi at dei andre stenge den ute, er det

fordi den ungen sjølv ikkje helt klare ikkje har den sosiale leikekompetansen til å vite kva gjer eg for å komme inn i en leik. Eller kanskje det barnet vel å ikkje vil vere ilag med andre og vil helst berre vere aleine. Der er forskjellige ting som kan vere årsaka til det. Det er viktig at vi prøvar å sjå om der er et mønster på det, og ta det derifrå». Informant 4 sa at ein må vere reflekterte i personalgruppa og lage tiltaksplanar dersom dette er born som konstant sit aleine.

Alle informantane sa at dei prøvar hjelpe borna inn i leik eller å setje i gong leik saman med det barnet som sit aleine. Dei sa og at når ein set i gong leik med eit born kjem dei andre oftast bort og vil vere med. Informant 3 grunnngav viktigheita av å setje i gong leik med at då «... får den ungen som sitte masse aleine vere med i eit samspel». Vidare fortalte informant 4 at «Det vil vere veldig individuelt korleis ein bør gå fram for å få med seg dei stille borna inn i leiken, nokon av dei stille ungane trenge berre å ha ein trygg voksen ilag med seg i leiken».

4.2. Vaksne som er tilstade

Alle fire informantar kom inn på viktigheita av å ha vaksne som er tilstade med borna i leiken og samhandlinga. Dette er noko som var gjentakande i gjennom dei fleste spørsmåla.

Når eg spurde om kva dei tenkjer på når dei delar inn i leikegrupper kom det fram frå alle informantane at dei ynskjer å ha so små grupper som mogeleg. I hovudsak trekk dei fram personlegdom og kven som passar ilag som viktige faktorar når dei delar inn i grupper. Både informant 1 og 4 nemnde at dei stille borna blomstra meir i mindre grupper. Informant 1 seier at smågrupper er eit bra verkemiddel for å vere tett på, og å «ha tida til kvar enkelt unge med og få roa til å kunne veileide dei, rettleie dei langs med». Informant 3 sa at i små grupper klarar vaksne å vere med i leiken og inkludere dei som eventuelt fell utføre.

Informant 1 trekk fram at alle i personalet bør vere tett på og ha god tilknytting til borna og då spesielt til dei stille borna. «plutselig kanskje den eine som har god tilknytting til barnet da er sjuk, då har dei plutselig, då blir ikkje det ein god dag for det barnet i barnehagen, når der er en vikar og to andre som den ikkje er so godt

knytt til». Informant 4 la vekt på å vere til stades og vere ein trygg vaksen som er der for borna.

Informant 3 fortel at det er viktig å vere ein nær vaksen spesielt i inneleik der det er lettare at dei blir overkjørt. At ein har ein vaksen i samspelet, i leiken som kan komme inn når dei tek leiker frå kvarandre. Både å snakke med dei borna som tek frå andre leiker, og å formidle til dei stille borna at «den bilen hadde du, den var din sin. Den va du som leikte med no, du må sei nei- stopp, min sin». At du prøva å gi dei virkemiddel, at du heile tida har ein vaksen som er nær spesielt dei stille ungane i leiken, som kan vere deira «forsvarsmur». Det er viktig å ha denne støttande vaksne ved sida av dei stille ungane som kan gi dei, dei rette verktøya og hjelpe å sjå dei, og gi dei drivkrafta til å tørre å ta eitt skritt vidare, for dei veit dei har ein vaksen i ryggen som heia på dei. Og å vere eit støttande stilas.

Informant 2 sa at det er viktig å vere tilstade med dei i leiken og samhandlinga med andre born, og at som vaksen ser, lyttar og veileider dei. «Eg ser at det er veldig lett at mange tenker at ungane leika seg, ei lita gruppe som sitte på et rom å leika seg veldig fint, der er på ein måte ingen konflikta og leiken flyt veldig godt da. Då er det veldig lett for dei vaksne å tenke at no leika dei seg so fint at då kan eg gjere noko anna eller ordne noko lite eller, å gjere det sjølv om du er der å fylle me so, er ikkje du helt tilstandas likevel når du skal berre gjere noko, lage ei krone eller ja. Men det å likevel også i den leiken å vere tilstandas og følge med. Der er so mange små nyansar som kan skje, at man må på en måte få det med seg slik ein kan støtte dei der dei er, i den situasjonen».

4.3. Spegling og rollemodell

Informant 1 omtalte det å være ein rollemodell inneber å kontinuerlig evaluere seg sjølv. Informant 2 fortel at det handlar om å og vere eit godt forbilde som er oppmerksame på korleis ein behandlar borna og personalet. Informant 4 omtalte det som å vere bevist på kroppsspråket og korleis ein er som person. Informanten fortel at ho er ein trygg og god vaksen som ikkje tek seg sjølv so høgtidlig og er tullete. Ho fortel at ein må endre tempoet og personlegdomen sin til å vere på borna sitt nivå, det er store forskjellar frå storbarns til småbarns. Både informant 3 og 4 er opptekne av å sjå og snakke med alle borna i løpet av ein dag. Informant 3 fortalde at dei i

personalgruppa har brukt Kari Pape sitt fargeleggings skjema og sett på deira relasjonar til og syn på borna, og reflektert over det og jobbar for å få betre relasjonar til alle borna.

Alle fire informantane trekk fram arbeidsmiljøet i forhold til spegling. Informant 3 sa «Borna spegla seg på korleis dei vaksne er, når dei vaksne er beviste på at her har alle noko å sei, alle er viktige, alle har ein verdi, alle fortener å bli sett, og høyrte, påverka det også borna til å ha den same kulturen». Informant 4 fortalde at ein må vere bevist på kva personalgruppe ein er. «Ein behøver ikkje å like alle saman, men ein skal respektere kvarandre og vise det. At alle blir respektert er veldig viktig i ei personalgruppe». Vidare sa informant 4 at dersom det oppstår konflikter må ein ta det opp og løyse dei utan at det skal vise i barnehagekvardagen.

4.4. Behov for aleinetid

Alle informantane anerkjente at dei stille borna av og til treng litt aleinetid, men dei hadde litt ulike måtar å gi borna aleine tid på. Alle informantane gav uttrykk for at ingen av borna får vere heilt aleine. Informant 3 vel å ta med borna ut av situasjonen og sitte ved sidan av dei. Informant 1 og 4 lar borna vere i mindre grupper. Informant 1 sei at dei tek seg god tid i overgangssituasjonar der dei stille borna får eit fang å sitte på og får vere ilag med nokon dei er trygge på. Informant 4 er imot ein til ein, og legg meir til rette for ein til to eller ei lita gruppe. Både informant 2 og 4 nemner at borna skal få rom til å trekkje seg vekk i ein krok, ved eit bord, eller ein fredeleg plass på uteområdet men at dei aldri er heilt aleine. Vidare nemnde informant 2 at ein må gi dei aleinetid men passe på at borna kjem seg tilbake inn i leiken etter ei stund. Informant 4 sa at born med vanskar for å vere sosiale med barn og/eller vaksne kanskje kjenner at det var litt betre enn å vere i ei gruppe, for då må dei jobbe meir med seg sjølv, og finne ut at dei ikkje har lyst til å vere attmed nokon andre, for dette var enklare. Det er ikkje heldig det heller. So, at den skal få aleinetid attmed andre, der han kan trekke seg unna, ikkje takast ut på et ege rom.

4.5. Stille born

Informant 1 og 4 omtalte at dei er forskjellige og kan ha ulike grunnar til at dei er stille, det kan for eksempel vere grunna heimesituasjonen. Informant 2 og 3 trekk fram at dei må få hjelp til å få innpass, lære seg seie ifrå og forhandle

(hjelpesetningar). Informant 2 «Det er veldig viktig at ein ser dei stille ungane, kanskje mange tenke at dei er so fredelege, snille, kjekke og greie fordi dei gjer ikkje mykje ut av seg. Men dei treng faktisk hjelp til å gjer litt meir utav seg». Informant 3 nemnde at i leiken må ein «passe på at dei stille ungane ikkje verte ekskludert frå leiken med å alltid vere den som er på sjukehuset eller..».

Informant 4 fortalde om ei jente som var veldig stille, ikkje snakka, ikkje leika og gjor veldig lite ut av seg. Informanten byrja med å sjå på heimesituasjonen, setje i gong tiltak saman med foreldra. Dei lagde mindre grupper og sat jenta saman med dei borna som styrka ho mest og ikkje tråkka over ho. Dei fokuserte på interesseområdet hennar og tok det inn i barnehagen og lagde eit stort og langt tema rundt. Informanten tok utgangspunkt i dette som jenta hadde kunnskap om, for å auke sjølvtilita og sjølvkjensla hennar. Både i samlingsstunder og i kvardagen vart ho mykje meir med. Etterkvart utvikla denne jenta seg, og ein hadde andre tema på avdelinga også. På hennar siste barnehage år hadde ein aldri vist eller trudd at ho var den stille jenta. Ho blomstra det siste året, men var avhengig av trygge rammer. Det var viktig at personalet var obs på det, også forklarte til ho når dei fekk vikarar. Når jenta byrja på skulen hadde informant 4 tett oppfølging med skulen.

4.6. Foreldresamarbeid

Undersøkinga spurde ikkje direkte om foreldresamarbeid men eg spurte om det var noko dei ville føye til knytt til dei stille borna. Glaser skriv at heimen og barnehagen utgjer heilheita i liva deira, det er difor viktig med eit tett foreldresamarbeid (Glaser, 2019, s.19).

Ein av fire informantar trakk inn viktigheita av foreldresamarbeid. Informant 4 omtalte dette som «Foreldresamarbeid det må stå øvst på oppgåva di, det er det første du må tenke på tenke vertfall eg da». For å finne ut av korleis heimesituasjonen er, er foreldresamarbeid viktig. I forhold til historia om den stille jenta tok informant 4 utgangspunkt i korleis det var heime, samarbeida med foreldra med å starte tiltak. Dei hadde i starten eit møte i veka på ca. 15 minutt. Gjennom alle åra hadde dei eit godt foreldresamarbeid, etterkvart var det månadleg samarbeid fordi det ikkje var behov for meir, sidan ho hadde blomstra so mykje.

5.0. Drøfting

I dette kapittelet vil eg sjå faglitteraturen opp mot svara frå informantane og sjå på forskjellar, likskap og reflektere rundt ulike perspektiv. Eg har delt drøftinga i fire hovudpunkt nemleg stille born sine ulike behov, inkudering, relasjonar og ein konklusjon der eg knyt desse saman opp mot problemstillinga.

5.1. Stille born sine ulike behov

Barsøe skriv at det ikkje er sikkert at dei stille borna har utfordringar knytt til at dei er forsiktede, men ein må vurdere når åtferda hemmar utviklinga deira. Det vil vere veldig individuelt so ein må sjå kvart enkelt born sin situasjon (2017, s.27-28). På den eine sida vil ikkje det at born er stille av seg eit problem i seg sjølv. På den andre sida kan grunnane til at dei er stille og kva det fører til for borna vere problematiske. Dei kan stå fram som innagerande fordi dei ikkje har det bra, og dei kan ha negative tankar om seg sjølv (Lund, 2012, s.26-27). Dei stille borna er ulike og har dermed ulike behov. Eg har delt inn ulike moglege behov i tre delar; føreseieleg kvardag, behov for aleinetid og behov for støtte i samhandlinga.

5.1.1. Føreseieleg kvardag

Flaten skriv at born med BIS har behov for rutinar og førebuingar på nye hendingar som til dømes vikarar og rolege overgangssituasjonar (2018, s.62-63). Noko som ein kan sjå igjen i Informant 4 si historie om den stille jenta som hadde behov for trygge rammer og informasjon om at dei skulle få vikarar. Ein kan og sjå til Barsøe som skriv at for robuste born er spenning og overraskingar kjekt, medan for dei stille borna kan dette føre til angst. Dei stille borna har det best når dagane er føreseielege, samtidig må dei utfordrast på dette området men i eige tempo (Barsøe, 2017, s.34-35). I ein barnehagekvardag er det ofte mange uforutsette hendingar, noko som kan gjere det utfordrande å kunne førebu dei stille borna på det. Dei andre borna har behov for litt spenning i kvardagen sin og vi skal og dekke deira ulike behov. Når ein planlegg ekstraordinere hendingar vil det å førebu dei stille borna i forkant truleg føre til at dei får ein god dag sjølv om det er utanom det vanlege. I vertfall dersom dei har vaksne rundt seg som dei er trygge på. Flaten nemner at dersom ein har ein god relasjon og emosjonell link vil ein kunne påverke meir i forhold til sosial kompetanse (2018, s.83). Noko informant 1 var innom med tanke på

at heile personalet bør ha god tilknytting til borna. I lys av dette bør ein kanskje ha mest mogeleg faste vikarar slik at dei lærer seg rutine og kan få god tilknytting til dei stille borna, slik at borna kan få ein føreseieleg kvardag på dagar med vikarar også.

5.1.2. Behov for aleinetid

Alle fire informantane la til rette for at dei borna som treng aleinetid får det, men då på ulike måtar. Både informant 2 og 4 nemner at borna skal få rom til å trekkje seg vekk i ein krok, ved eit bord, eller ein fredeleg plass på uteområdet men at dei aldri er heilt aleine. Informant 1 og 4 lar borna vere i mindre grupper der ein vaksen og ein eller nokre andre born er i same rom. Flaten skriv at stille born kan ha behov for aleinetid der dei får handsame kjensler og tankar. Dei treng å handsame stimuli utan born og vaksne samstundes som dei treng vaksne som er genuint interesserte, før dei klarar å delta i leiken igjen (2018, s.97).

Borna er ulike og har ulike behov. Nokre born kan ha nytte av å få aleinetid slik Informant 3 legg opp til, der ho tek med seg det barnet ut av situasjonen og sit ved barnet til dei har jobba seg gjennom tankane og kjenslene sine. Dette er veldig ulikt frå Informant 4 som er imot ein til ein. Informant 4 legg til rette for mindre grupper slik at born med vanskar for å vere sosiale med barn og/eller vaksne skal få aleinetid attmed andre, der han kan trekke seg unna utan å bli tekne med på ege rom. Som Drugli og Lekhal skriv må ein tilpasse seg etter borna sine behov (2018, s.37). Det vil truleg vere individuelt frå born til born om dei føler at dei får rom til å prosessere stimuli når det er andre rundt dei. For nokre born kan det vere ei god løysing at dei får trekke seg vekk men samtidig har tilgang til interesserte vaksne og andre born når dei er klar for å delta i leiken igjen. Og som informant 4 trekk fram vert dei nøydde til å forholde seg til dei andre og dermed større muligheit til å bli betre på samhandling. For andre born kan det hende dei treng å kome seg vekk frå dei andre borna men ha interesserte vaksne som er tilgjengelege når barnet er klar.

5.1.3. Behov for støtte i samhandlinga

Som Lund skriv kan det vere behageleg og utfordrande med stille born, det kan vere lett å oversjå dei i ein hektisk kvardag (2012, s.22). Dette trekk informant 2 fram «..kanskje mange tenker at dei er so fredelege, snille, kjekke og greie fordi dei gjer

ikkje mykje ut av seg. Men dei treng faktisk hjelp til å gjer litt meir utav seg». Ein kan sjå dette i tråd med det Drugli skriv om born som sjeldan hevdar seg sjølv. Dei stille borna kan ha behov for å tilpasse seg og tore å ta plass i leiken, andre born kan sjå på dei stille som snille og enkle å leike saman med (Drugli, referert i Flaten, 2018, s.82). Både vaksne og born kan sjå på dei stille borna som snille og enkle å a med å gjere, på den eine sida er dette positivt. Men på den andre sida kan det føre til at dei stille borna vert sett på som mindre gode leikekameratar sidan dei ikkje bidreg med innspel som kan føre leiken vidare (Barsøe, 2017, s.45). Dersom dei aldri torer å seie sine meiningar og hevde seg sjølve, fordi dei er vande med at dei i enkelte tilfelle må vere ettergivande der det er dei andre som bestemmer i leiken, er det dermed ikkje sikkert at dei er attraktive å leike saman med. Det er ulike grunnar til at born er stille, kanskje kan ein av grunnane til at enkelte born er stille av seg vere fordi dei blir oversett av vaksne og dermed ikkje får støtta dei treng i samhandlinga med dei andre borna.

5.2. Inkludering

Inkludering er som sagt eit vidt omgrep som opnar for ulike tolkingar (Korsvold, 2011, s.10). Det relasjonelle og etiske ved inkludering som Pedersen (2015, s.23) viser til, der borna får delta i samhandling og fellesskapet, oppleve tilhøyrsløse, oppleve mestring og medverke, viser igjen i svara frå informantane. Det relasjonelle viser igjen ved at alle skal vere med i fellesskapet, venskap og samhaldet, og det etiske ved at dei skal bli hørt og sett, og bli tekne på alvor.

Som Lund skriv er det bra at born trivast i eige selskap, men borna har og behov for å kome inn i leik med andre born (2015, s.8). Alle informantane er opptekne av å hjelpe dei stille borna inn i leik. Dei set gjerne i gang leik med dei borna som ofte er aleine, og fremjar dei som kjekke leikekameratar som dei andre borna etterkvart får lyst til å leike med og ta kontakt med. For nokre born kan det vere utfordrande å prøve å kome i samspel med andre, og dei kan kjenne det som tryggare å vere aleine for då blir dei ikkje avvist (Lund, 2015, s.9). Informantane nemner at ein må prøve å finne ut av kvifor borna er stille, er det grunna avvising frå dei andre borna slik dei har gitt opp på å ta kontakt med dei andre?. Informant 2 sa at ein må finne årsaka til kvifor born sit aleine, treng litt aleinetid, eller om dei blir ekskludert frå leiken, eller kanskje dei ikkje har den sosiale leikekompetansen som trengst for å

come inn i leiken. Som informant 4 sei vil det vere individuelt korleis ein bør gå fram for å inkludere borna i leiken. Nokre har rett behov for ein vaksen i leiken over tid, medan andre kunn behøver ein veg inn. Informant 3 trekk fram viktigheita av å sørge for at dei stille borna ikkje vert ekskludert frå leiken ved å ha ei dårleg rolle i leiken.

Det er mange faktorar som spelar inn på om borna vert inkludert, og forståing av kva inkludering vil seie, spelar inn. Kanskje nokre barnehagelærarar tenkjer at inkludering er at alle borna leikar ilag, medan andre tenkjer som informant 3 at borna er med i leiken der dei får ha like store roller dersom dei ynsker det, og at dei stille borna får påverke leiken med sine innspel utan at dei mindre stille borna overkøyrer dei.

5.3. Relasjonar

Born lever i ein relasjonsbasert verd der relasjonar påverkar den psykiske helsa (Drugli & Lekhal, 2018, s.36). Kor gode relasjonen mellom borna og dei vaksne, vil påverke kva grad av sosial kompetanse som vert internalisert i borna.

Flaten (2018, s.84) skriv at born treng å vere saman med andre for å utvikle sosiale kompetanse. Som nemnt over treng borna støtte i møte til utfordringar og motgang dei møter i kvardagen. Både jamaldringar, dei vaksne i barnehagen og foreldra er med på å påverke borna si psykiske helse og den sosiale kompetansen (Drugli & Lekhal, 2018, s.37). Eit godt foreldresamarbeid kan som i forteljinga til informant 4 føre til at tiltak for å fremje sosial kompetanse lykkast. Dette heng saman med det Glaser skriv om at barnehagen og heimen utgjer liva til borna (Drugli & Onsøien, referert i Glaser, 2019, s.19). Eg ser på sjølvhevdning som ein av dei viktigaste delane av sosial kompetanse. For at dei stille borna skal kunne bli skikkeleg inkludert i barnegruppa må dei kunne seie si meining og påverke samhandlinga (Størksen, 2018, s.92). Eg har delt opp relasjonar i tre delar for å utdjupe desse meir. Eg skriv fyrst om barnegruppa, deretter om vaksne som er tilstade og til sist rollemodellar.

5.3.1. Barnegruppa

Informantane dannar små grupper og der dei set dei saman i forhold til personlegehit, og kven som passar saman. Både informant 1 og 4 sa at dei stille

borna blomstra meir i små grupper. På den eine sida ser det å ha små leikegrupper ut til å vere ein god måte å inkludere dei stille borna inn i barnegruppa, der dei får utforske jamaldringsrelasjonar og får den støtta dei treng for å kunne inngå i venskap. På den andre sida skriv Lund at born ikkje nødvendigvis blir venar av at vaksne delar dei inn i leikegrupper. Men for dei borna som treng støtte for å kome inn i leiken kan leikegrupper vere eit godt verkemiddel (Lund, 2012, s.71). Relasjonar har påverknad på borna si psykiske helse, det å ha små grupper der dei stille borna får blomstre kan føre til at dei får ei god psykisk helse. I forskinga til Coplan, Ooi, Xiao og Rose-Krasnor kom det fram at der er ein samanheng mellom jamaldringsutfordringar og sosial tilbaketrekning og utvikling av depresjon hos stille born (2017, s.126). Det å ha gode leikegrupper som er samansett på ein slik måte at alle får utbytte av det, kan vere nødvendig for å minske utfordringane mellom borna. I slike grupper får dei stille borna høve til å bli trygge på nokre born, og dersom ein bytar på kven som er på same gruppe kan desse borna etterkvart bli tryggare på dei andre borna og klarar å hevde seg sjølve og når dei er i større grupper, slik som jenta i informant 4 si historie.

Barnehagen skal vere ein stad der borna får øve seg på å tørr meir og meir utan frykt for å bli avvist eller latterleggjort (Pettersen, 2015, s.10). Avvising og frykt for avvising frå andre born, kan føre til at borna blir enda meir tilbaketrekt og ikkje torer å ha kontakt med andre (Lund, 2012, s.27). Kanskje får dei sosial angst og utviklar depresjon ved gjentekne misslykka forsøk for å få innpass, og gir opp. Når dei vaksne lagar leikegrupper har ikkje borna same rom for å avvise kvarandre, det er derimot ikkje sikkert at borna i leikegruppene leikar saman når alle borna er ilag. Leikegrupper opnar for at dei vaksne får, som informantane seier, betre tid og større moglegheiter for å veileide borna i leiken og samhandlinga. Noko som kan føre til at dei stille borna får mestringsopplevingar i staden for å utvikle depresjon og angst. Ved at dei vaksne er tilstade i samhandlinga og støttar dei stille borna til å mellom anna hevde seg sjølv, kan dei stille borna kanskje bli meir populære leikekameratar.

5.3.2. Vaksne som er tilstade

Alle fire informantar var opptekne av vaksne som var tilstade i samhandlinga og leiken til borna. Informant 3 fortalde at dei vaksne må vere i samspelet, løyse konflikhtar og vere ein forsvarsmur og eit støttande stilas for dei stille borna og gi dei

virkemiddel for å hevde seg sjølve. Informant 2 nemnde at enkelte vaksne kan ha lett for å tenke at borna leikar so fint og da kan dei gjere andre ting, men det kan då vere mange ting som skjer i den leiken og samhandlinga som ein bør vere tilstade i og rettleie og støtte borna. Noko som kan sjåast opp mot Barsøe som skriv at born har behov for vaksne so er fullstendig tilstade i samhandlinga (Barsøe, 2017, s.60). På eine sida kan det vere fint at borna får øve seg i å løyse små konflikhtar sjølv og andre praktiske oppgåver må og gjerast. Som Barsøe skriv vil det vere bra for borna sitt sjølvbilete at dei meistrar utfordringar sjølv ved hjelp av strategiar dei har tileigna seg av dei vaksne, utan at vi hjelp dei for mykje (Barsøe, 2017, s.107). Samtidig er det borna vi er der for, og som informantane trekk fram, er det viktig å vere støttande stilas spesielt for dei stille borna. Det informantane trekk fram her med å vere tilstade i leiken og samhandlinga er i tråd med det Drugli og Lekhal skriv, vi skal støtte borna gjennom utfordringar dei møter, slik dei kjenner at dei ikkje er aleine (Drugli & Lekhal, 2018, s.37). Pettersen trekk og fram dette og skriv at dei stille borna treng vaksne som ser dei samtidig som dei må oppmuntrast til å ta styringa i eige liv (2025, s.10). Ein bør finne seg ein balanse mellom det å støtte og hjelpe borna og å la dei prøve ut og meistre dette sjølve.

5.3.3. Rollemodellar

Informantane fortalde at ein heile tida må evaluere seg sjølv og vere bevist på korleis ein er imot borna og personalet. Pettersen trekk fram at i møte med trygge vaksne kan dei stille borna verte modegare og tryggare i møte med utfordringar. Derimot vil møte med uforutsigbare og lite sensitive vaksne kunne føre til større sjanse for angst (2015, s.6). I lys av dette vil det å vere bevist over korleis ein er i møte med andre, ha betydning for borna si utvikling og møte med utfordringar som oppstår.

Det informant 3 trekk fram med at dei kartlegg relasjonane til borna og reflektera over kvifor det er slik, for å endre det slik relasjonane blir betre, er viktig. Dette kan sjåast i lys av Korsvold som seier at barnesyn påverkar inkluderinga, som omhandlar relasjonar (2011, s.23). Når ein reflektera over eigne handlingar og sine relasjonar til kvart enkelt barn kan det bidra til meir gjensidige inkluderingsprosessar, samt at personalet utviklar seg som profesjonsutøvarar (Bae, 2011, s.128).

Arbeidsmiljøet kjem fram som ein viktig komponent når det kjem til spegling frå vaksne til borna. Informant 4 seier at i ei personalgruppe er ikkje det sikkert at alle kjem like godt overeins, men at ein må respektere kvarandre uansett. Og at dersom det oppstår konflikhtar skal det løysast utan at det går ut over borna sin kvardag. Arbeidsmiljøet vil vere med å prege korleis inkludering og ekskludering i barnegruppa utspelar seg (Ytterhus, referert i Korsvold, 2011, s.13). Dersom ein i personalet har eit dårleg miljø fylt med konflikhtar, kan det vere at borna trur det er greitt å oppføre seg slik mot kvarandre. Sidan borna tek etter oss kan konflikhtar i personalgruppa føre til auka konflikhtar i barnegruppa. Born som er ekstra sensitive og born med BIS kan reagere med å bli meir innagerande ved hyppige og mykje stimuli eller dei kan reagere med sinne (Flaten, 2018, s.63). Truleg vil verken sinne eller at dei trekk seg meir tilbake, hjelpe dei stille borna til å få ei positiv utvikling der dei blir inkludert.

Relasjonane vi har både til dei andre tilsette og borna vil påverke borna si læring av sosial kompetanse og deira psykiske helse. Som Flaten (2018, s.83) nemner er vaksne rollemodellar heile tida, både når vi er beviste på det og når vi gløymer det. Born ser og lærer av oss, det å ha eit godt arbeidsmiljø fylt med respekt ser eg difor på som viktig for inkluderingsprosessen.

5.4. Konklusjon

Problemstillinga eg har undersøkt i denne oppgåva er: *Korleis kan barnehagelæraren støtte dei stille borna til å bli inkludert i barnegruppa?* I følge Pedersen bør ein gjere læringsmiljø romsleg og fleksibelt for å kunne inkludere. barnehagelæraren må tilpasse for kvart enkelt barn og sikre borna sine behov for sosial og kulturell tilhøyrse (Pedersen, 2015, s.22). Det er mykje ein kan gjere for å inkludere dei stille borna i barnegruppa. Som nemnt er kvart enkelt born ulike og har dermed ulike behov og ein må ta utgangspunkt i dette for å kunne inkludere borna på ein god måte. Inkludering omgrepet er vidt, og det er mange faktorar som kan spele inn.

I lys av svara frå informantane, forskning og faglitteratur kan barnehagelæraren ta ulike grep for å inkludere dei stille borna. Ein kan mellom anna gi dei stille borna

føreseielege kvardagar der dei og får dekkja behovet for å vere aleine innimellom. Ein kan vere vaksne som er tilstade og aktivt går inn i samhandling og leik, der ein kan støtte borna og gi dei hjelpesetningar og gi dei dei verktøya dei treng for å kome i leik og bli verande i leik over tid. Ein kan hjelpe dei borna som har vanskar med å kome inn i leiken, eller setje i gong leik saman med dei borna som ofte sit aleine. Som informantane nemner strøymer ofte dei andre borna til når dei vaksne set i gong leik saman med borna, får dei borna som er litt utanfor også ta del i fellesskapet. Som barnehagelærar og tilsett i barnehage bør ein bidra til å skape eit godt arbeidsmiljø, slik at ein på den måten også kan vere gode rollemodellar for borna. Det å ha eit godt foreldresamarbeid vil i følge Glaser vere viktig for at borna føler at livet deira heng saman (Glaser, 2019, s.19). Det er foreldra som kjenner borna best, og dermed vil dei kunne vere ein viktig samarbeidspartnar for å forstå kvifor borna er stille. Som informant 4 gjor ved å spørje foreldra og få tak i borna sine interesser slik ein kan nytte seg av dette, for at dei stille borna skal hevde seg sjølv og vere meir deltakande i samspele i barnehagen. Små grupper kjem fram som noko av det informantane legg mest vekt på, der dei stille borna får blomstre og dei vaksne klarar å sjå og støtte alle borna. Det er som sagt veldig individuelt korleis ein bør gå fram, for dei stille borna er ulike. Det finnast truleg andre indirekte og direkte aspekt som kan bidra til at dei stille borna vert inkludert. Hadde eg hatt andre informantar ville eg kanskje fått andre funn. Sidan ingen er heilt like, tenker og handlar ein ulikt. Barnehagelærerar har ansvar for andre born, utom dei stille borna, som dei også må tilpasse seg etter.

6.0. Avslutning

Gjennom denne oppgåva har eg fått mykje ny og djupare kunnskap om korleis ein kan inkludere og arbeide med dei stille borna. Dette er kunnskap eg vil ta med meg inn i yrkeslivet for å skape ein best mogleg oppvekst for alle borna eg kjem til å møte. Gjennom datamaterialet og drøfting kom det fram mange likskapar og forskjellar mellom korleis informantane legg til rette for inkludering. Inkluderingsomgrepet er stort og kan tolkast på ulike måtar, dermed kan ulike barnehagelærarar arbeide med dette på ulike måtar, og som sagt er ingen born like og ein må tilpasse seg etter borna sine ståstadar og behov.

7.0. Referansar

- Bae, B. (2011). Gjensidige inkluderingsprosesser - muligheter i dagligdagse samspill i barnehager. I T. Korsvold (red.), B. Bae, R. D. Nilsen, K. Lauritsen, H. Lundeby, B. Ytterhus, . . . M. Øksnes, *Barndom - barnehage - inkludering* (s. 128). Fagbokforlaget.
- Barsøe, L. (2017). *Ville og stille barn i barnehagen- veier ut av låste atferdsmønstre*. Kommuneforlaget.
- Berget, R. (2018). Vi trenger en med muskler! I L. Melvold (red.), *Livsmestring i barnehagen - å bære sin egen bagasje* (s. 121-122). Kommuneforlaget.
- Coplan, R. J., Ooi, L. L., Xiao, B., & Rose-Krasnor, L. (2017). *Assessment and implications of social withdrawal in early childhood: Afirst look at social avoidance*. Wiley Subscription Services, Inc. <https://onlinelibrary-wiley-com.hvo-ezproxy-01.hivolda.no/doi/epdf/10.1111/sode.12258>
- Dalland, O. (2020). *Metode og oppgaveskriving* (7.utgåve). Gyldendal.
- Drugli, M. B., & Lekhal, R. (2018). *Livsmestring og psykisk helse*. Cappelen Damm Akademisk.
- Flaten, K. (2018). *Et helt vanlig barn*. Cappelen Damm Akademisk.
- Glaser, V. (2019). *Foreldresamarbeid, barnehagen i et mangfoldig samfunn* (2.utgåve). Universitetsforlaget.
- Korsvold (red.), T. (2011). Barndom - barnehage - inkludering. I T. Korsvold (red.), B. Bae, R. D. Nilsen, K. Lauritsen, H. Lundeby, B. Ytterhus, . . . M. Øksnes, *Barndom - barnehage - inkludering* (s. 10, 13, 23). Fagbokforlaget.
- Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplan for barnehagen: Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*. Udir. <https://www.udir.no/globalassets/filer/barnehage/rammeplan/rammeplan-for-barnehagen-nynorsk2017.pdf>

- Lund, I. (2012). *Det stille atferdsproblemet- innagerende atferd i barnehage og skole*. Fagbokforlaget.
- Lund, I. (2015). *"De er jo bare barn" om barnehagebarn og mobbing*. PEDLEX.
- Løkken, G., & Søbstad, F. (2017). *Observasjon og intervju i barnehagen* (4.utgåve). Universitetsforlaget.
- Melvold, L. (2018). Å bære sin egen bagasje. I L. Melvold (red.), *Livsmestring i barnehagen - å bære sin egen bagasje* (s. 22-23). Oslo: Kommuneforlaget.
- Pedersen, K. (2015). *Ut fra egne forutsetninger- inkluderende pedagogikk i barnehagen*. Fagbokforlaget.
- Personvernloven. (2018). *Lov om behandling av personopplysninger* (LOV-2018-06-15-38). Lovdata.
https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-15-38/KAPITTEL_3#KAPITTEL_3
- Pettersen, S. (2015). Når taushet ikke er gull: Hvordan møte og forstå de stille barna i barnehagen. *Spesialpedagogikk*, 80(5), 4–10.
<https://www.utdanningsnytt.no/files/2019/06/27/Spesialpedagogikk%205%202015.pdf>
- Postholm, M. B., & Jacobsen, D. I. (2011). *Læreren med forskerblick - innføring i vitenskapelig metode for lærerstudenter*. Høyskoleforlaget.
- Størksen, I. (2018). Sosial utvikling. I V. Glaser, I. Størksen, & M. B. Drugli (red.), *Utvikling, lek og læring i barnehagen - forskning og praksis* (2. utgåve), (s. 92). Fagbokforlaget.

8.0. Vedlegg:

Her kjem informasjon og samtykkeskjemet som alle fire informantane fekk tilsendt og skreiv under på. Vedlagt kjem og intervjuguiden som eg gjekk utifrå i samtalanene, sidan eg hadde semistrukturert intervju følgde eg ikkje intervjuguiden slavisk.

8.1. Informasjon og samtykkeskjema



HØGSKULEN
I VOLDA

Vil du delta i bachelorprosjektet

Dei stille borna?

Dette er eit spørsmål til deg om du vil delta i eit bachelorprosjekt der formålet er å få kunnskap om korleis støtte dei stille borna til å bli inkludert i barnegruppa. I dette skrivet gir eg deg informasjon om mål for prosjektet og kva deltakinga vil ha å seie for deg. På grunn av den alvorlege situasjonen med covid-19 vil det ikkje vere mogleg med intervju med personleg oppmøte. Eg håper difor at dette intervjuet kan verte gjennomført ved videosamtale eller at du som informant svarar skriftleg på tilsendt intervjuguide. Eg er svært takksam for at du stiller opp, slik at eg kan gjennomføre utdanninga mi dette vårsemesteret som planlagd.

Formål

I samband med mi bacheloroppgåve ynskjer eg å gjennomføre intervju med barnehagelærarar/pedagogiske leiarar. Formålet med dette prosjektet er å få meir kunnskap om dei stille borna i barnehagen, med fokus på sosial kompetanse og inkludering. Intervjuet vil vare i 30-40 minutt og gjennomførast ein gong.

Problemstillinga mi er «*Korleis kan barnehagelæraren støtte dei stille borna til å bli inkludert i barnegruppa*».

Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?

Høgskulen i Volda ved dosent Bente Vatne er ansvarleg for prosjektet.

Kvifor får du spørsmål om å delta?

Fordi du er Barnehagelærar/pedagogisk leiar er det interessant for meg å samle inn data frå deg for å få rikare kunnskap om dine erfaringar med dei stille borna i barnehagen og for å få rikare kunnskap om korleis de arbeider med inkludering i

dykkar barnehage. Eg vil intervju/sende intervjuguide til fire pedagogiske leiarar/barnehagelærarar.

Eg har fått kontaktopplysingane om deg av Styrar.

Kva vil det ha å seie for deg å delta?

Dersom du vel å ta del i prosjektet, inneber det at eg vil gjennomføre eit intervju gjennom zoom/face-time og bruke ein nettskjemadiktafon for å ta opp lyden. Dette vil ta ca. 30-40 minutt. Eg vil nytte ein intervjuguide og du kan få tilsendt intervjuguiden på førehand.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekkje samtykket tilbake utan å gi noko årsak. Det vil ikkje ha noko negative konsekvensar for deg om du ikkje vil delta eller vel å trekkje deg seinare. Alle opplysingar om deg vil bli sletta. Du kan trekkje deg ved å kontakte emne- og prosjektansvarleg Bente Vatne per e-post eller per telefon (sjå nedanfor).

Personvernet ditt – korleis vi tek vare på og nyttar opplysingane dine

Eg vil berre nytte opplysingane om deg til formåla eg har gjort greie for i dette skrivet. Eg behandlar opplysingane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

Namnet og kontaktopplysingane dine vil eg erstatte med ei kode som vert lagra på eigen namneliste, skilt frå det andre datamaterialet. Data vert lagra på låst datamaskin.

I tillegg til meg sjølv er det berre ansvarleg for prosjektet ved Høgskulen i Volda, dosent Bente Vatne, som vil ha tilgang til datamaterialet. I mitt prosjekt er du registrert berre ved stemme. Opptak vert sletta når data er transkribert, og det transkriberte datamaterialet vert sletta ved prosjektslutt 15. juni 2021.

Rettane dine

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva personopplysingar som er registrert om deg,
- å få retta personopplysingar om deg,
- få sletta personopplysingar om deg,
- få utlevert ein kopi av personopplysingane dine, og
- å sende klage til Personvernombodet eller Datatilsynet om behandlinga av personopplysingane dine

Dersom du ønskjer å få innsyn, sletta eller retta personopplysninga i datamaterialet, kan du ta kontakt med emne- og prosjektansvarleg Bente Vatne per e-post eller telefon.

Kva skjer med opplysingane dine når eg avsluttar forskingsprosjektet?

Prosjektet skal avsluttast innan 15. juni 2021. Alle personopplysingar og datamateriale vil bli sletta når prosjektet er avslutta.

På oppdrag frå Høgskulen i Volda har NSD (Norsk senter for forskningsdata AS) vurdert at behandlinga av personopplysingar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Kvar kan eg finne ut meir?

Om du har spørsmål til bachelorprosjektet, eller ønskjer å nytte deg av dine rettigheter, ta kontakt med:

- ----- (rettleiar) -----@hivolda.no
- Bente Vatne (emneansvarleg og prosjektansvarleg) 70075356
bente.vatne@hivolda.no
- Høgskulen i Volda ved personvernombod: Cecilie Røeggen, 70075073
personvernombod@hivolda.no
- NSD – Norsk senter for forskningsdata AS, på epost
(personverntjenester@nsd.no) eller telefon: 55 58 21 17.

Med vennleg helsing

Student

Prosjektansvarleg

Dosent Bente Vatne

Samtykkeerklæring

Samtykket skal gjerast skriftleg.

Eg har mottatt og forstått informasjonen om prosjektet «Dei stille borna» og eg har fått høve til å stille spørsmål om prosjektet. Eg gir samtykke til:

å delta i Intervju

Eg gir samtykke til at mine opplysingar vert behandla fram til prosjektet er avslutta,
20. juni 2021.

(Signert av informant, dato)

NB! Det er viktig at du som informant signerer på begge arka.

8.2. Intervjuguide

1. litt om deg sjølv:
 - Kor lenge har du jobba som pedagogisk leiar/barnehagelærer?

 - Kva type avdeling arbeidar du på/har arbeida på?

2. Kva legg du i omgrepet inkludering?

3. Kva tenkjer du på når du deler borna inn i leikegrupper?
 - kva endringar vert gjort? (bytar dei ofte, flyttar på born som ikkje kjem overends, er der forandring i det heile?)

4. Korleis støttar du borna til å utvikle sosial kompetanse?

5. Kva tiltak har du gjort i forhold til sjølvhevding hos dei stille borna?

6. Kva gjer du dersom eit barn sit mykje aleine?
 - Korleis får du med borna inn i leik?

7. Korleis legg du til rette for at dei som treng det får aleinetid, men og vere ein del av gruppa?

8. kan du fortelje litt om di bevisstheit over di påverkingskraft som rollemodell?
 - Korleis ser du på spegling frå personalet til borna?